SAMNANGER KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	**Kommunestyret**
Møtedato	**07.04.2022**
Møtetid:	**Kl. 15:00 - 19:35**
Møtestad:	**Kommunestyresalen - kommunehuset**

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	**Parti:**
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønna	Sp
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemene møtte ikkje:	**Parti:**	**I staden møtte:**	**Parti:**
Jon Magne Bogevik	Ap	Alfred Trengereid	Ap

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Bodil H. Øpstebø, kommunalsjef oppvekst
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Karl Viken, økonomisjef
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Heidi Synnøve Gaustad, Bjørnafjorden landbrukskontor (under orientering frå landbrukskontoret)

- Mari Austvoll Gjengedal, Bjørnafjorden landbrukskontor (under orientering frå landbrukskontoret)
- Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren i Vestland (under orientering om "oppdrag Øystesefjella nasjonalpark")
- Øistein Aasland, Statsforvaltaren i Vestland (under orientering om "oppdrag Øystesefjella nasjonalpark")

Offisiell opning av heisen på kommunehuset
I pausen i kommunestyret (etter sak 016/2022) var det offisiell opning av den nye heisen på kommunehuset.

Vedtak om å få opp sak om reglar for interpellasjonar i neste kommunestyremøte
Før handsaminga av interpellasjonane i møtet (etter handsaminga av sak 022/2022), vedtok kommunestyret samrøystes eit framlegg frå Øyvind Strømmen (MDG) om at kommunestyret ber om å få opp ei sak i neste kommunestyremøte om kommunen sine reglar/reglement for interpellasjonar.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
015/2022	22/235	Godkjenning av innkalling og sakliste	
016/2022	22/235	Faste saker	
017/2022	22/186	Busetting av flyktningar 2022 - oppmodingstal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI)	
018/2022	22/1	Høyringsuttale til forslag om endringer i domstolstrukturen	
019/2022	22/95	Endring - ny transportordning for ungdom og eldre i Samnanger	
020/2022	22/107	Korrigering av vedtak - Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	
021/2022	22/198	Invitasjon til medlemskap i Trygg Trafikk	
022/2022	18/1508	Vigselsmynde for rådmann Ove Sæbø	
1	20/25	Interpellasjon til KS 24.2.2022 - Økonomisk tilskot til fritidsaktivitetar for barn og unge - frå Krf	
2	20/25	Interpellasjon - butikk og drifstoffanlegg på Tysse	
3	20/25	Interpellasjon - fjerning av eiendomsskatt fra og med 2023	
4	20/25	Interpellasjon - jordvern	

SAKNR. 015/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Øyvind Strømmen (MDG) viste til at det var kome inn fire interpellasjonar til møtet. Han tok i samband med dette opp nokre spørsmål om reglane om interpellasjonar i kommunen sitt reglement, og praktiseringa av desse. Spørsmåla gjaldt mellom anna tidsbruk på handsaming av interpellasjonar, og når i møtet interpellasjonar skal handsamast (først eller til slutt i møtet). Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte ordføraren om at spørsmåla til Øyvind Strømmen ville bli tatt opp under handsaminga av interpellasjonane.

Samrøystes vedtak.

KS- 015/2022 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 016/2022: Faste saker

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Presentasjon av prosjektet "100 dagar sjølvforsynt":
Heidi Synnøve Gaustad og Mari Austvoll Gjengedal frå Bjørnafjorden landbrukskontor presenterte prosjektet "100 dagar sjølvforsynt".

Oppdrag Øystesefjella nasjonalpark - orientering frå statsforvaltaren:
Kjell Kvingedal frå miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland orienterte om arbeidet med planlegging av Øystesefjella nasjonalpark, samt andre nasjonalparkprosjekt som miljøavdelinga arbeider med. Han orienterte om at Statsforvaltaren ønskjer tilbakemelding frå Samnanger kommunestyre om aksept for oppstart av verneprosess for Øystesefjella.

Rådmannen orienterer:

Orientering v/rådmann Ove Sæbø:
- ***Beredskapslager av jodtablettar***. Svar på spørsmål stilt i kommunestyret 24.02.2022. Kommunen har beredskapslager av jodtablettar til barn og unge 0-18 år, gravide og ammande.
- ***Midlar frå arv til*** Samnangerheimen brukt til glassbod. Svar på spørsmål stilt i kommunestyret 24.02.2022. Glassboden er meint for pasientar ved Samnangerheimen, ikkje tilsette.
- ***Fartsgrense Hagabakkane***. Svar på spørsmål stilt i formannskapet 24.03.2022. Vegen kan no skiltast som 30-sone. Ikkje avklart når skilting vil bli gjort.
- ***Kommunal VA-utbygging (vatn/avløp)***. Svar på spørsmål stilt i formannskapet 24.03.2022 om utbygging av kommunalt VA på Nordnes. Det er ikkje planar om utbygging på Nordnes.
- ***Oppgradering av vegen til Hagabotnane***. Svar på spørsmål stilt i formannskapet 24.03.2022

om møteplassar i midtre og nedre del av Hagabakkane. Det kjem truleg opp sak i kommunestyret sitt juni-møte om oppgradering av vegen til Hagabotnane. Tentativ oppstart av arbeidet er tidlegast i september 2022.

- ***Status i rettssaker/søksmål som kommunen er part i.*** Krekavegen, Nyutløtrævegen og søksmål barnevern.
- ***Søknadsfrist for tilskotsmidlar til breibandutbygging***. Kommunen sin søknadsfrist i år er 10. mai. Det er usikkert om det er område i kommunen det vil vera aktuelt å søkja om midlar til årets søknadsrunde.
- ***Status for sak om justering av vedtak om overføring av eigedom til Samnanger s***okn. Saka kjem opp i kommunestyret sitt juni-møte.
- ***Straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar***. Det er totalt innvilga støtte på 89 000 kroner til lag og organisasjonar i Samnanger.
- ***Informasjon om prosjektet Digihjelpen***. Orientering om prosjektet, mellom anna at Anders Torgilstveit no er tilsett i 40 prosent prosjektstilling.
- ***Framdrift planlegging fleirbrukshall***. Informasjon om status, mellom anna at styringsgruppa har hatt sitt første møte.

Orientering v/kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- ***Pandemisituasjonen.*** Mindre smitte i kommunen no enn tidlegare, men pandemien er ikkje over og det kan framleis bli utfordringar for helse- og omsorgstenestene dersom smittesituasjonen endrar seg og mange blir smitta samstundes.
- ***Helsesjukepleiarsituasjonen***. Ny helsesjukepleiar starta i kommunen denne veka, og rekrutteringsprosessen for den andre helsesjukepleiarstillinga er i gong.

Orientering v/økonomisjef Karl Viken:

- **Økonomistatus pr. mars 2022**. Økonomisjefen orienterte om status, prognosar m.m.
- ***Mottak av flyktningar frå Ukraina***. Informasjon om økonomiske løyvingar/ordningar for kommunane.
- ***Framsikt***. Informasjon om planlagt utviding av bruken av verksemdstyringssystemet Framsikt.

Utvalet sitt kvarter:

Tilstandsrapport og vedlikehaldsplanar for kommunale bygg

Odd Arne Haga (Frp) viste til tidlegare vedtak i kommunestyret og spurde om status for arbeidet med tilstandsrapport og vedlikehaldsplanar for kommunale bygg. Rådmann Ove Sæbø orienterte om status for arbeidet og om korleis kommunen arbeider med byggvedlikehald m.m.

Trafikksikringstiltak Gjerdsvegen

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) spurde om status for arbeidet med trafikksikringstiltak (sikring av skuleveg) i Gjerdsvegen. Rådmannen kunne ikkje svara i møtet. Han vil koma tilbake med svar i eit seinare møte.

Ønske om førehandsinformasjon om presentasjonar som skal haldast i kommunestyret

Gunn Østvik Petersen (Ap) viste til orienteringane/presentasjonane som Bjørnafjorden landbrukskontor og Statsforvaltaren tidlegare i møtet. Ho sette fram ønske om at det blir gitt betre informasjon på førehand om slike presentasjonar, slik at kommunestyremedlemmene har moglegheit til å førebu spørsmål. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sa han ville ta dette med seg vidare.

Interpellasjonar i saker av "omfattande art"

Gunn Østvik Petersen (Ap) viste til at det var mange interpellasjonar til dette kommunestyremøtet. Ho bad om at det blir sett på bruken av interpellasjonar i saker av "omfattande art", og meinte det er uheldig at slike saker går direkte til handsaming i kommunestyret utan at dei er utgreidd av administrasjonen. Ordførar Knut Harald Frøland viste til diskusjonen tidlegare i møtet, der det

mellom anna vart diskutert om kommunen sitt reglement bør sjåast på. Han peika også på at interpellasjonar representerer ein "demokratisk rett" for medlemmene i kommunestyret.

KS- 016/2022 Vedtak:
Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 017/2022: Busetting av flyktningar 2022 - oppmodingstal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI)

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Martin Haugen spurde om det burde gjennomførast ei vurdering av gildskapen hans. Bakgrunnen for dette er at han har meldt inn til kommunen at han har ein ledig bustad som vil kunne leigast ut til flyktningar, og at han ut frå dette kanskje kan ha ei økonomisk interesse i saka. Etter råd frå rådmannen vart det avklart at det ikkje var behov for å gjennomføra ei gildskapsvurdering for Martin Haugen som følgje av dette.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 017/2022 Vedtak:
1. Kommunestyret godkjenner å busetje 30 flyktningar i tråd med oppmodingstal frå IMDI. Dette talet inkluderer ikkje evt. familiegjenforeining.

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta (NAV) kan disponere.

3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som føl med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.

4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status på bruk av fullmakt til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner å busetje 30 flyktningar i tråd med oppmodingstal frå IMDI. Dette talet inkluderer ikkje evt. familiegjenforeining.

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta (NAV) kan disponere.

3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som føl med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.

4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status på bruk av fullmakt til kommunestyret.

SAKNR. 018/2022: Høyringsuttale til forslag om endringer i domstolstrukturen

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Domstolstruktur, sett fram av Arild Røen (Høgre):
"Kommunestyret tilrår at dagens domstolstruktur ikkje vert endra, med følgjande begrunnelse:
• Domstolsreforma vart innført av Solbergregjeringa med bakgrunn av ein svært kritisk rapport frå Riksrevisjonen der det vart peika på at den tidlegare domstol struktur kunne gje dårleg rettssikkerhet for innbyggarane , manglande effektivitet, problem knytt til habilitet og store problem med å rekruttera til ledige stillingar ved dei mindre tingrettane og jordskifterettane.
• Reforma, som vart vedtatt i 2021 innebar ein reduksjon av antal rettskretsar, samstundes som alle rettsstader vart oppretthaldne. Dette sikra større fagmiljø, breiare kompetanse, meir effektiv behandling og betre rettssikkerhet innafor kvar rettskrets, samstundes som innbyggjarane har same nærleik til rettslokala som tidlegare og kompetansearbeidsplassar knytt til rettsstadar ikkje er fjerna.
• Responsen frå fagmiljøa er at domstolsreformen har fungert etter intensjonen, samstundes som kostnader til «byråkrati» innan rettsvesenet er redusert med 37 mill. årlig. Dette er pengar som dermed kan brukas på å styrke kompetanse og kapasitet i rettspleien eller overførast til andre tjenesteområder, framfor å brukas til byråkrati.
• Ei reversering av denne reformen er estimert til 75 mill., i tillegg til dei ikkje lenger innsparte 37 mill. i byråkrati kvart år framover.
• Ut frå uttalar frå dei aller fleste fagmiljø og høyringsinstansar, er «gjennomgangstonen» at dei (igjen dei aller fleste) ikkje ynskjer å reversera denne reforma
• Eg kan vidare ikkje sjå at dette har nokon praktisk konsekvens for Samnanger kommunse

Domstolsstruktur, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):
Samnanger kommune har tingstaden sin i Bergen, på same vis som før reforma i 2021. Difor vil det truleg ha mindre å seia for Samnanger isolert sett om ein no gjer endringar i (reverserer) domstolsstrukturen. Men Samnanger kommune meiner at det generelt må leggjast stor vekt på synspunkta frå lokalsamfunn og distrikt i ulike delar av landet når domstols-strukturen skal fastsetjast.

Samnanger kommune vil peika på at ein meir desentralisert struktur vil syta for tilgjengelege domstolar med nærleik til brukarane i heile landet. Dette vil sikra rettane me har som innbyggjarar i eit demokrati. Det vil òg gje domstolane sterkare lokal forankring og betre forståing for lokale tilhøve. I neste omgang kan det auka tilliten til domstolane.

Samnanger kommune meiner elles at eit større og meir spreidd korps av sorenskrivarar og jordskiftedommarar lettare kan gje ein god maktbalanse mellom domstolane og andre offentlege instansar. Dessutan vil dette medverka til desentraliserte juridiske miljø og kompetansearbeidsplassar

Domstolsstruktur, framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Konsekvensane for Samnanger kommune av domstolsreforma i 2021 var små. Samnanger kommunestyre kan ikkje sjå at den lokale forankringa eller tingretten si forståing for lokale tilhøve har endra seg for vår del. Ei tilbakeføring til slik det var før 2021 vil på same måte ha mindre konsekvensar for kommunen, korkje negativt eller positivt.

På generelt grunnlag saknar kommunestyret i Samnanger ein meir nyansert debatt om reformen. På den eine sida er det verdt å merka seg at den vart gjennomført på bakgrunn av ein svært kritisk rapport frå Riksrevisjonen der det vart påpeika at den dåverande domstolstrukturen gav manglande effektivitet, problem knytt til gildskap og vanskar med å rekruttera til ledige stillingar ved dei mindre tingrettane og jordskifterettane. Det vart også peikt på at dette gjekk ut over rettstryggleiken.

På fleire område ser domstolsreformen også ut til å ha fungert etter intensjonen, med styrka fagmiljø og reduserte kostnader til byråkrati innan rettsvesenet.

På den andre sida var domstolsreforma prega av kompromiss, etter at det i utgangspunktet var på tale å leggja ned dei mindre tingrettane. Ein valde å halda på rettstader, men kommunestyret i Samnanger har forståing for t.d. Hardangerrådet si uro for gradvis nedbygging i distrikta. Ei full reversing av reformen er ikkje av den grunn det riktige, men det kan vera riktig å gjera endringar i nokre område.

Fordi Samnanger i lita grad vil verta påverka, finn kommunestyret det unaturleg å gå inn for eller mot konkrete endringar i vår region. Kommunestyret vil likevel peika på at det å lovfesta rettsstader kan vera med på å sikra eksistensen til dei nye rettsstadene, og redusera usikkerheit, uro og nedleggingsfrykt, slik at det heller kan fokuserast på samarbeid og utvikling.

Handsaming:
Arild Røen (H) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Arild Røen (H) trekte framlegget sitt.

I røystinga fekk Øyvind Strømmen sitt framlegg 12 røyster og vart vedteke. Øyvind Røen sitt framlegg fekk 9 røyster.

For Øyvind Strømmen sitt framlegg	For Øyvind Røen sitt framlegg
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Martin Haugen (Bl)	Monica Tjønna (Sp)
Ove Totland (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Øyvind Steinsland (Bl)	Lena Tveit (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Alfred Trengereid (Ap)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Harald Boge (Ap)	Odd Arne Haga (Frp)
Gunn Totland Moss (KrF)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 018/2022 Vedtak:
Konsekvensane for Samnanger kommune av domstolsreforma i 2021 var små. Samnanger kommunestyre kan ikkje sjå at den lokale forankringa eller tingretten si forståing for lokale tilhøve har endra seg for vår del. Ei tilbakeføring til slik det var før 2021 vil på same måte ha mindre konsekvensar for kommunen, korkje negativt eller positivt.

På generelt grunnlag saknar kommunestyret i Samnanger ein meir nyansert debatt om reformen. På den eine sida er det verdt å merka seg at den vart gjennomført på bakgrunn av ein svært kritisk rapport frå Riksrevisjonen der det vart påpeika at den dåverande domstolstrukturen gav manglande effektivitet, problem knytt til gildskap og vanskar med å rekruttera til ledige stillingar ved dei mindre tingrettane og jordskifterettane. Det vart også peikt på at dette gjekk ut over rettstryggleiken.

På fleire område ser domstolsreformen også ut til å ha fungert etter intensjonen, med styrka fagmiljø og reduserte kostnader til byråkrati innan rettsvesenet.

På den andre sida var domstolsreforma prega av kompromiss, etter at det i utgangspunktet var på tale å leggja ned dei mindre tingrettane. Ein valde å halda på rettstader, men kommunestyret i Samnanger har forståing for t.d. Hardangerrådet si uro for gradvis nedbygging i distrikta. Ei full reversing av reformen er ikkje av den grunn det riktige, men det kan vera riktig å gjera endringar i nokre område.

Fordi Samnanger i lita grad vil verta påverka, finn kommunestyret det unaturleg å gå inn for eller mot konkrete endringar i vår region. Kommunestyret vil likevel peika på at det å lovfesta rettsstader kan vera med på å sikra eksistensen til dei nye rettsstadene, og redusera usikkerheit, uro og nedleggingsfrykt, slik at det heller kan fokuserast på samarbeid og utvikling.

24.03.2022 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan tilråding.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 012/2022 Vedtak:
Saka vert sendt vidare til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka blir lagt fram utan tilråding.

SAKNR. 019/2022: Endring - ny transportordning for ungdom og eldre i Samnanger

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Tilleggspunkt, sett fram av Monica Tjønna (Senterpartiet):
Ordninga vert evaluert etter prøveperioden på 6 md., der følgjande vart gjort greie for og dokumentert:
1) Kva aldersgrupper nyttar tilbodet?
2) Kva strekningar i kommunen vart køyrde?
3) Oversikt over talet på køyreturar utførte i prøvetida.

Handsaming:
Monica Tjønna (Sp) sett fram eit tilleggsframlegg. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at dette tilleggsframlegget vart lagt inn som eit tillegg til formannskapet si innstilling, og at det vart røysta samla over formannskapet si innstilling inkludert tilleggsframlegget til Monica Tjønna. Kommunestyret slutta seg til dette.

Med dette tillegget vart formannskapet si innstilling samrøystes vedteken.

KS- 019/2022 Vedtak:
Samnanger kommune inngår revidert samarbeidsavtale med Trond Haga Taxi AS om transporttenesta «Svinta»-skyss. Revidert samarbeidsavtale skal testast ut i 6 månader. Trond Haga Taxi får betalt kr. 25.000 eks. mva. pr. månad i prøveperioden. Finansiering skjer frå disposisjonsfondet.

Ordninga vert evaluert etter prøveperioden på 6 md., der følgjande vart gjort greie for og dokumentert:
1) Kva aldersgrupper nyttar tilbodet?
2) Kva strekningar i kommunen vart køyrde?
3) Oversikt over talet på køyreturar utførte i prøvetida.

24.03.2022 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Etter forslag frå Gunn Totland Moss (KrF) var det semje i formannskapet om å leggja til "innanfor Samnanger kommune sine grenser" i teksten i samarbeidsavtalen mellom Samnanger kommune og Trond Haga Taxi, for å presisera at avtalen gjeld transport internt i kommunen.

Med denne presiseringa vart ordføraren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FORM- 014/2022 Vedtak:
Samnanger kommune inngår revidert samarbeidsavtale med Trond Haga Taxi AS om transporttenesta «Svinta»-skyss. Revidert samarbeidsavtale skal testast ut i 6 månader. Trond Haga Taxi får betalt kr. 25.000 eks. mva. pr. månad i prøveperioden. Finansiering skjer frå disposisjonsfondet.

Ordførar sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune inngår revidert samarbeidsavtale med Trond Haga Taxi AS om transporttenesta «Svinta»-skyss. Revidert samarbeidsavtale skal testast ut i 6 månader. Trond Haga Taxi får betalt kr. 25.000 eks. mva. pr. månad i prøveperioden. Finansiering skjer frå disposisjonsfondet.

SAKNR. 020/2022: Korrigering av vedtak - Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 020/2022 Vedtak:
Punkt 1 i vedtak KS 013/2022 vert endra til:
Kommunestyret ber kontrollutvalet bestilla og gjennomføra overordna eigarskapskontroll innan utgangen av 2022.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Punkt 1 i vedtak KS 013/2022 vert endra til:
Kommunestyret ber kontrollutvalet bestilla og gjennomføra overordna eigarskapskontroll innan utgangen av 2022.

SAKNR. 021/2022: Invitasjon til medlemskap i Trygg Trafikk

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 021/2022 Vedtak:
Samnanger kommune tek imot invitasjon og opprettar medlemskap i Trygg Trafikk. Årleg medlemskontingent er for tida kr. 2500,-.
Finansiering vert gjort innanfor ramma ansvar 2000 – skule og barnehage, felles.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune tek imot invitasjon og opprettar medlemskap i Trygg Trafikk. Årleg medlemskontingent er for tida kr. 2500,-.
Finansiering vert gjort innanfor ramma ansvar 2000 – skule og barnehage, felles.

SAKNR. 022/2022: Vigselsmynde for rådmann Ove Sæbø

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 022/2022 Vedtak:
Ove Sæbø får vigselsmynde på vegner av Samnanger kommune med verknad frå 07.04.2022. Heimel for vedtaket er ekteskapslova § 12 bokstav b.

24.03.2022 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2022 Vedtak:
Ove Sæbø får vigselsmynde på vegner av Samnanger kommune med verknad frå 07.04.2022. Heimel for vedtaket er ekteskapslova § 12 bokstav b.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Ove Sæbø får vigselsmynde på vegner av Samnanger kommune med verknad frå 07.04.2022. Heimel for vedtaket er ekteskapslova § 12 bokstav b.

SAKNR. 1: Interpellasjon til KS 24.2.2022 - Økonomisk tilskot til fritidsaktivitetar for barn og unge - frå Krf

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Framlegg, sett fram av Shirin Kvernes Khadoor (Arbeiderpartiet):
Kommunestyret ber rådmannen om ei utgreiing knytt til økonomi og finansiering, og eventuelle andre naudsynte aspekt, kring ei eventuell kommunal, universell ordning med såkalla «fritidskort» for barn i Samnanger i aldersgruppa 6-18 år. Dette skal leggjast fram til kommunestyret sitt junimøte, der det også skal leggjast fram premiss for budsjett 2023.

Shirin Kvernes Khadoor (AP), Gunn Totland Moss (krf), Øyvind Strømmen (Mdg)

Handsaming:
Gunn Totland Moss (KrF) las opp interpellasjonen. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp svar på interpellasjonen.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) sette fram framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 1 Vedtak:
Kommunestyret ber rådmannen om ei utgreiing knytt til økonomi og finansiering, og eventuelle andre naudsynte aspekt, kring ei eventuell kommunal, universell ordning med såkalla «fritidskort» for barn i Samnanger i aldersgruppa 6-18 år. Dette skal leggjast fram til kommunestyret sitt junimøte, der det også skal leggjast fram premiss for budsjett 2023.

SAKNR. 2: Interpellasjon - butikk og drifstoffanlegg på Tysse

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak butikk og drivstoffanlegg, sett fram av Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bygdalista):
Butikk og drivstoffanlegg på Tysse, framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev et rentefritt lån stort 1,0 MNOK til støtte for automatisert driftsløysing og innreiing/ oppgradering av lokaler for ny butikk på Tyssekaien. Vilkår er at lån skal tilbakebetalast ved eventuelt overskot frå butikkdrifta. Midlane skal takast frå disposisjonsfondet. Ny butikk på Tysse kan ha ope alle dagar i veka, heile døgeret. Det er eit vilkår for lån at ny butikk startar opp seinast 1. november 2022.

Det skal til kommunestyremøte i april 2023 leggjast fram plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien, og denne skal sjåast i lys av korleis det går med drift av den nye butikken.

Framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):
Kommunestyret ber administrasjonen om ei sak knytta til utvikling på Tysse, inkludert moglegheita for støtte og / eller rentefritt lån til butikkdrift, samt etablering av drivstoffanlegg for båt og eventuell hurtigladar for bil og båt på Tysse. Saka skal fortrinnsvis leggast fram for kommunestyret i juni.

Handsaming:
Odd Arne Haga (Frp) las opp framlegget til vedtak i interpellasjonen.

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Odd Arne Haga om at han trekte framlegget sitt. Han orienterte vidare på vegner av Anja Elisabeth Gjerde Markhus om at følgjande setning i vedtaksframlegget hennar vart teke vekk: "*Ny butikk på Tysse kan ha ope alle dagar i veka, heile døgeret*."

I røystinga fekk framlegget til Anja Elisabeth Gjerde Markhus 13 røyster og vart vedteke. Framlegget til Øyvind Strømmen fekk 8 røyster.

For Anja Elisabeth Gjerde Markhus sitt framlegg	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Harald Boge (Ap)
Ove Totland (Bl)	Alfred Trengereid (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Monica Tjønna (Sp)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 2 Vedtak:
Samnanger kommune gjev et rentefritt lån stort 1,0 MNOK til støtte for automatisert driftsløysing og innreiing/ oppgradering av lokale for ny butikk på Tyssekaien. Vilkår er at lån skal tilbakebetalast ved eventuelt overskot frå butikkdrifta. Midlane skal takast frå disposisjonsfondet. Det er eit vilkår for lån at ny butikk startar opp seinast 1. november 2022.

Det skal til kommunestyremøte i april 2023 leggjast fram plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien, og denne skal sjåast i lys av korleis det går med drift av den nye butikken.

SAKNR. 3: Interpellasjon - fjerning av eiendomsskatt fra og med 2023

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):
Samnanger kommunestyre ber om at det i samband med budsjetthandsaminga vert sett på moglegheita for å redusera eller fjerna eigedomsskatt på hus og fritidsbustader, inkludert kva dette vil innebera for kommunen sin økonomi og kva konsekvensar det vil ha for planlagte investeringar og for den daglege drifta.

Eigedomsskatt, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):
Det er eit mål å fjerna eigedomsskatten på hus og fritidsbustader i Samnanger frå og med budsjettåret 2023. Kommunestyret handsamar dette vidare i sak om premissar for budsjett og økonomiplan i junimøtet. Til dette møtet legg rådmannen fram utgreiing om konsekvensane av å ta bort eigedomsskatten. Endeleg avgjerd vert teken i budsjettmøtet i desember.

Handsaming:
Karl Bård Kollbotn (Frp) las opp framlegget til vedtak i interpellasjonen. Etter dette orienterte Karl Bård Kollbotn om at han trekte framlegget sitt, og viste til vedtaksframlegget som Øyvind Røen (Sp) hadde lagt inn i Møteportalen.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

I røystinga fekk Øyvind Røen sitt framlegg 17 røyster og vart vedteke. Øyvind Strømmen sitt framlegg fekk 4 røyster.

For Øyvind Røen sitt framlegg	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Martin Haugen (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Alfred Trengereid (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	

KS- 3 Vedtak:
Det er eit mål å fjerna eigedomsskatten på hus og fritidsbustader i Samnanger frå og med budsjettåret 2023. Kommunestyret handsamar dette vidare i sak om premissar for budsjett og økonomiplan i junimøtet. Til dette møtet legg rådmannen fram utgreiing om konsekvensane av å ta

bort eigedomsskatten. Endeleg avgjerd vert teken i budsjettmøtet i desember.

SAKNR. 4: Interpellasjon - jordvern

07.04.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:

Framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):
Kommunestyret ber om at ein eigen jordbruksplan vert teke med i vurderinga når rådmannen skal fremma sitt framlegg til planstrategi. Det bør også utarbeidast jordvernstrategi, anten som del av dette arbeidet eller i samband med kommuneplanen. Samnanger kommune søkjer om tilskot til dette når midlar vert lyst ut.

Handsaming:
Øyvind Røen (Sp) las opp framlegget til vedtak i interpellasjonen.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

I røystinga fekk Øyvind Røen sitt framlegg 16 røyster og vart vedteke. Øyvind Strømmen sitt framlegg fekk 5 røyster.

For Øyvind Røen sitt framlegg	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Harald Boge (Ap)
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Alfred Trengereid (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	

KS- 4 Vedtak:
Samnanger kommune skal laga ein landbruksplan der ein eigen jordvernstrategi er ein viktig del. Arbeidet med denne planen vert fastlagt i den kommunale planstrategien. Samnanger kommune søkjer om tilskot til å laga ein jordvernstrategi når midlar til dette vert lyste ut.